

Referat fokusgrupper runde nr. 2

Referat møte i fokusgruppa – helse og omsorg

Møtedato: 29.06.2020	Møtetid: 11:00-13:00	Møtestad: Alvehaugen
Møteleiar:	Referent: Heidi Strand	
Til stades: Marit Botnen, Gunn Sætre, Norunn K. Elde, Aase Strømberg, Marlen Kristensen, Heidi Strand	Fråverande: Tomas M. Brandal, Aage Christensen	

Ingen ting av parallelloppdraget er inne i økonomiplanen enno. Fram til no har det vore «luftige tankar». Helse og omsorg skal nytte frigjorte lånemidlar til å bygge nye omsorgsbustadar; omsorgsbustadane er sjølvfinansierande.

Det er lagt inn 45 nye omsorgsbustar utan driftsmidlar frå 2022. Ytterlegare 45 truleg frå 2025 – dette vil bli 25 nye når Ulshaugen vert kondemnert. Totalt 70 nye dei neste 10 åra. Når sjukeheimen skal fornyast må ein har 42 nye i sentrum – viktig å planlegg for det no, då ein treng areal til denne utbygginga som kjem ein gong i framtida.

Helse og omsorgsetaten sitt behov fram mot 2050:

Vi treng truleg fleire «sjukeheimspllassar» framover, då vi allereie no ser at ein del av brukarane våre ventar på plassar med dagens behov. Det kan vere at nokre av brukarane ikkje treng bu i sentrum, men det er viktig å tenkje areal og basar, arkitektane må sjå på arealet vi har til rådvelde i sentrum.

Lovkrava til omsorgsplassane må vurderast – kan ein ha tvang/låste avdelingar i ein omsorgsbustad? Det finnast mange ulike buformer. Dette kan t.d. vere intragenerelt fellesskap, noko vi synes verkar spanande. Vi har også sansen for heilårshagar med takoverbygg. Sjølveigarleilegheiter evt med fellesareal, bustader for demente med fellesareal, og skjerma eining for dei dårlegaste demente.

Det bør vere betre høve til å skilje brukarar som ikkje trives ilag. Dette handlar også om bemanning og ha grupper med aktivitetar tilpassa funksjonsnivået til den enskilde.

Vi treng bustader med eitt og to soverom, for einslege og ektepar. Dersom brukarar får auka hjelpebehov treng dei kanskje eit ekstra soverom slik at dei kan få hjelp om natta utan å forstyrre den andre parten. Plass til bod er også viktig å tilby i leilegheitene, men det kan evt plasserast til kjellar for ikkje å få for høg husleige. Kjøken er mindre viktig då mange går til fellesområde til måltid, enkle kjøkenløysingar må likevel inn.

Samdrift er lønsamt – vi ser at det er bra å samle tenester, som t.d. heimesjukepleie og teneste for psykisk helse og rus. Vi treng gode og framtidsretta kontorløysingar, obs koronaerfaring – vi treng plass slik at vi kan drive godt smittevern.

Brukarar med utfordrande åtferd – desse treng mykje skjerming. Kan ev ligge litt fjernare frå sentrum. Vi må tenke på nabobar og andre brukarar – korleis dette kan organiserast til beste for alle grupper. Vi er enno usikre på korleis dette skal gjerast i framtida. Småbarnsfamiliar må skjermast frå dei dårlege brukarane.

Barneavlastning – bør framleis ligge i Holsekerdalen, men kan også flytte nærmare sentrum dersom basar vert flytta. Suksessfaktorar er nok personal slik at vi kan bruke aktivitetar i sentrum, sleppe å opprette eigne aktivitetar for ulike grupper.

Funksjon/ tid	storleik	brukargruppe
45 omsorgsbustader/2022	50 - 60m2,nokre litt større til ektepar og funksjonshemma, smarthus	Eldre Funksjonshemma psykiatri
Kontor til heimetenesta/2022	Fasilitetar til ca 20 tilsette Møterom, base til utetenesta, lydisolerte samtalerom, grupperom/ klasserom til 20 personar	Heimesjukepleie Teneste psykisk helse og rus
Kontor til helsestasjon m.m. ev Klevenbygget 2021	Fasilitetar til 15-20 tilsette Kontor, personalrom, klasserom til 15-20 personar Helsestasjon for barn og unge	Helsesjukepleiarar, barnevern, familievern
Psykologsenter 2022	Kontor til 3-4 stillingar, møterom, lydtette samtalesrom, personalrom	Kommunepsykologar Privatpraksis/ avtalespesialistar
20 Bustader til menneske som treng skjerming/ 2022-25	40-50 m2 med personalbaser Veksthusmodell, overbygging, smarthus, høg teknologi	Demente Psykisk utviklingshemma Psykiatri Funksjonshemma Yngre og eldre
45 omsorgsbustader /2025	50 m2 – her må vi flytte ut bebuarar i Ulshaugområdet – desse bygga skal rivast og erstattast.	Eldre Funksjonshemma psykiatri
42 sjukeheimspllassar, 21 omsorgsbustader og 8 omsorgsbustader til yngre funksjonshemma /2030	Sjukeheimen skal flyttast til sentrum om 10 år. Omsorgsbustadane må då erstattast i sentrum	Som i dag Særleg for demente som treng skjerming. Korleis skal utagerande og ressurkrevjande brukarar bu i framtida?

Referat møte i fokusgruppa – fellesrådet

Møtedato: 30.06.2020	Møtetid: 10:00-11:00	Møtestad: Rådhuset
Møteleiar:	Referent: Cecilie Roppen	
Til stades: Gerd Bang Brevik, Susanne Sundgot, Asbjørn Selbervik	Fråverande: Anders Røyset, Anna Haddal	

Viktig at pensjonistar ikkje må bu seg i hel. Kan søke bustøtte, men det er inntektsbasert. Kommunen bør subsidiere husleiga, men det har dei ikkje moglegheit til.

Fellessalen i Holsekerdalen bør nyttast meir til ulike arrangement.

Bør vurdere å restaurere Bygdastova og Ulshaugen 2 i staden for å bygge nytt.

Bjørndalvegen som miljøgate. Glastak, ikkje veggar. Bilane må vekk og gata må oppgraderast.

Trur alt vil bli utsett nokre år, også pga. situasjonen på Kleven. Trur ikkje økonomiplanen vil halde.

Må ha betre busstilbod for å redusere bilbruken. Elevar kjem frå Volda kl. 16:03. Bakkebyruta går kl. 16:00. Må samkøyre rutene betre.

Bjørndalsminne, synleggjere den historiske utviklinga av Ulstein. Skulen kan nytte seg av det for å lære. Kan skifte bileta, kan ha kunstutstilling. Kan ha litt musikk og kafé. Vil passe godt til bygget. Bygget må oppgraderast innvendig. Må ikkje rivast. Utstilling verfta sine museum for skuleelvar.

Bjørndalsvegen, har ulike tidsepoker i arkitekturen. Må sjå på det historiske, og ikkje rive alle bygga.

Vurdere moglegheita for å utvide og oppgradere sjukeheimen på Alvehaugen.

Må oppgradere/restaurere dei eldre bygga i staden for å bygge nytt.

Referat møte i fokusgruppe – næringsliv (utvida)

Møtedato: 01.07.2020	Møtetid:	Møtestad:
Møteleiar:	Referent: Daniel Garden	
Til stades: Nils Erik Skeide, Are Garshol, Steinar Kulen, Helene Holstad, Daniel Garden	Fråverande:	


Bakgrunn:

I samband med paralleloppdraget har Ulstein Næringsforum blitt bede om kontaktpersonar frå næringslivet til å delta i ulike fora der oppdraget og arkitektgruppene sine idéar skal drøftast og vurderast.

Fokusgruppa meinte mandatet var uklart og ein var lite budde på kva som var venta av ein. Det var også korte innkallingar og mangefull engasjering frå oppdragsgjevar. Næringslivsrepresentantane i vurderingsgruppa følte vi hadde lite grunnlag for å vurdere vidare vegval basert på dette og andre fokusgrupper sine fråsegner og ville derfor utsetje prosessen og freiste å samle fleire representantar frå næringslivet.

Prosessen er i gang, og tidsmessig er der ikkje mulegheit å utsetje prosessen. Dermed gav ein ei frist ut veke 27 for å gi ei ny innstilling.

Fråsegn



«Kjøpesenter-tankegang»

I møtet kom vi inn på noko vi først kalla ein «kjøpesenter-tankegang». Bakgrunnen for dette var at framtidas kjøpesenter kjem til å utvikle seg til ein arena for mangfaldige opplevelingar; handel, restaurantar, kino, skøytebaner og leikeplassar, treningscenter, offentlege kontor, parkering, hotell, trafikk-kuntepunkt m.m.


Det er med andre ord ei konsolidering av den funksjonssamlinga eit by-/bygdesentrums hadde då desse vaks fram på tidleg 1900-talet.

Vêr og andre fellesfunksjonar har gjeve kjøpesentera si glanstid og denne vidareutviklast no til å omfatte fleire funksjonar.

Næringslivsgruppa ønskjer at ein innanfor **raud sirkel** (med evt tilstøtande områder) nyttar ein «kjøpesenter-tankegang» der ein freistar å plassere flest muleg funksjonar – ei fortetting av funksjonar, saman med fortetting av bygningmasse og auke av parkeringsareal.

Parkering

Ulsteinvik er og skal vere eit regionsenter der folk tilkjem frå ulike delar av Sunnmøre for handel, trivsel, arbeid eller møter. Kollektivtilbod og værmessige utfordringar gjennom årstidene gjer at vi meiner det er utopisk å tenkje seg eit bilfritt Ulsteinvik. Det er eit reellt behov for parkeringstilbod i umiddelbar nærleik til funksjonane og dette behovet er veksande.



I dag ligg det føre offentlege krav til å bruke store areal til parkering dersom ein ønskjer å oppføre nybygg. Dette motverkar fortetting av bysentrum samt er ein barriere for å ønskje å utvikle eigedomar i sentrum.

Ein idé er å fortette noko av bygningsmassen i 2. høgda, der ein har vær-beskytta parkering på gateplan.

Ein annan er å sjå på mulegheita for parkeringstunnel i området Bjørndalsvegen 6-10.

Døme: fortetting ved å behalde parkering men utvide i høgda.

Samferdsle

Nordvest for Ulsteinvik ligg store tung-industriområder. Desse har behov for leveransar og utskiping av varer og større modular dagleg. Dermed må vegsambandet gjennom/forbi sentrum, ta høgde for dette. Ein må ikkje endre gatebiletet til noko som ikkje kan handtere dagleg tungtrafikk.

Kulturallmenningen

«Kulturallmenningen» er ein parkeringsplass midt i sentrum som er lite eigna til kulturelle aktivitetar. Derfor nyttast i stor grad andre areal til konserter og større arrangement. Ein bør ta høgde for å finne ein eigna kulturallmenning som tilstøter sentrumskvartalet (raud sirkel) eller er i umiddelbar nærleik. Ein slik plass bør også kunne romme td. tivoli eller sirkus.

Bygningsbehov

Det er behov for eit nytt **rådhus** då dei kommunale funksjonane i dag er spreidde rundt om i «300 meters-byen».

Ulsteinvik bør også få til eit **maritimt dokumentasjonssenter og museum** der skipsbygginga si historie og framtid forvaltas både med tanke på kompetansepreservering og for undervisning og innovasjon.

Planane til Ulstein Næringsforum innebærer også å utvikle Ulsteinvik til ein konferansedestinasjon. Konferanse-, kultur- og kurs-kapasiteten må utvidast med eit **konferansesenter** av nasjonal storleik med tilhøyrande **hotellkapasitet**.

Store verksemder i Ulsteinvik og omeign har behov for eigna næringsareal (kontor, møterom m.m.). Vi ønskjer å verte eit kraftsenter for innovasjon og næringsutvikling i regionen, og treng ein «**business park**» som gir rom for co-work-områder, seminar-/kursareal, faste kontorfunksjonar, felleskantine, samt anna naudsynt infrastruktur (wifi, reinhald, toalett m.m.)

Vi har sirkla inn eit område med **grønt** der vi ser for oss ei fortetting av bygningsmassen saman med hotellet og Sjøborg der kanskje funksjonane omtala i dette avsnittet kan samlokalisera. Ein må stadig hugse på auka behov for parkering i umiddelbar nærleik.

Vikholmen og sjøfronten

Ulsteinvik bør utviklast mot sjøen. Det er denne vi har levd av og skal leve av i framtida, og aktiv bruk av sjø og sjøfront er viktig symbol, samt ein funksjon for trivsel og mangfald.

Ei gangbru frå Vikholmen til Geilneset vil utvide tur- og trivselsarealet til sentrum. Vikholmen har areal som kan nyttast til tivoli, sirkus, konserter, bobilparkering mm. Ein molo i retning Sauneset vil gi havnebassenget i Ulsteinvik ei beskyttande atmosfære der sjøsport og sjøleik vil kunne utviklast. Saman med ein innbydande atmosfære langs sjøfronten med Skaparhus, hotell, restaurantar og kanskje kai til kajakk, stand-up-paddeling o.l. vil dette gi byen eit løft også til bruk frå sjøsida.


Tyngre betongflytebrygger langs sjøfronten og moloane vil gi plass til gjestande båtar, tilgang for kajak og annan sjøaktivitet, samt ein promenade å gå tur langs.



Døme: Padling i Ålesund (foto: Destinasjon Ålesund & Sunnmøre)

Sjøbad

Eit sjøbad ved hotellet/Saunesparken vil vere til glede for mange tilreisande og fastbuande. Med eit sjøbad i eine enden og sjøsportarena ved Vikholmen lagar vi ein akse av sjøaktivitet ved sjøfronten.



Døme: Sjøbadet ved Fisketorvet i København

Straumtilgang

Det er eit behov for at Ulsteinvik sentrum har ein fleksibel tilgang til elektrisitet ved arrangement, festivalar og liknande. I dag er det kostbart å kjøpe tilgang frå Mørenett, og skøyteledninga må trekkast over fortau, parkeringsplassar og bilvegar.

Design- og profilmanual

Det bør utarbeidast ein design- og profilmanual for Ulsteinvik. Denne skal seie noko om utforming av bygg, fargar, pynt (kul eller grøntareal), skilt og anna. Slik kan vi gi byen eit heilheitleg uttrykk, skape føreseielege rammer for næringslivet og vil kunne forme byens visuelle standpunkt. Det er viktig å

velje seg noko som vil kjenne teikne Ulsteinvik som ein unik, vakker og levande by – ein stad der det er godt å bu, godt å besøke og noko ein ønskjer seg tilbake til.